



Hindenes Hus AS  
Postboks 3  
5991 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/84 - 18/8375

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.03.2018

## Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 214/10 Fyllingsnes

Det vert vist til søknad om dispensasjon frå plankravet og løyve til etablering av tilbygg/påbygg til bustad på gbnr 214/10 Fyllingsnes. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 07.03.2018 der følgjande vedtak vart fatta:

**«Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for etablering av tilbygg/påbygg til bustad på gbnr 214/10 slik det er søkt om.**

**Med heimel i pbl § 20-1, jf § 20-3, vert det gjeve løyve i eitt-trinn for etablering av tilbygg/påbygg til eksisterande bustad på gbnr 214/10 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.01.2018 som er journalført mottatt 09.02.2018, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.
- Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.
  - Før det vert gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket skal faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.»**

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå plankravet og løyve til etablering av tilbygg/påbygg til bustad - gbnr 214/10  
Fyllingsnes

**Kopi til:**

Bjørg Rasmussen  
Hindenes Hus AS

Spondalen 22      5121  
Postboks 3      5991

ULSET  
OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Hindenes Hus AS

Postboks 3      5991

OSTEREIDET